

**DETALJREGULERING
STEINUTTAK PÅ GNR. 49 BNR. 3 og 11, STOKKELAND
VESTNES KOMMUNE**

REGULERINGSFØRESEGNER

25.05.2023



PlanID 15350160

Føresegner for detaljregulering

Steinuttak på gnr. 49 bnr. 3 og 11, Stokkeland

REGULERINGSFORMÅL ETTER PBL § 12-5

Beyggelse og anlegg (§12-5, nr. 1)

Steinbrudd, masseuttak (BRU)

Grøntstruktur (§12-5, nr. 3)

Kombinerte grøntstrukturområde (GKG)

Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift, samla eller kvar for seg (§12-5, nr. 5)

Naturområde (LNA)

1. FELLESFØRESEGNER

- 1.1 Målsettinga for denne reguleringsplanen er å kunne vidareføre eksisterande uttak av stein ved sprenging av fjell.
Omfanget av drifta vil vere uttak av mellom 5.000 og 9.000 m³ fast fjell.
- 1.2 Ved anleggsarbeid, og særleg ved tilbakefylling og istandsetting av areal til jordbruksfremål, skal ein påsjå at ein ikkje spreier framande/uønska artar.

2. BYGGEOMRÅDE/ANLEGGSOMRÅDE

3.1 Steinbrudd/masseuttak

- All aktivitet og frikt innanfor området skal skje i samsvar med driftsplan. Dette gjeld også tilbakefylling og istandsetting til framtidig jordbruksareal.
- Drift av steinbruddet/masseuttaket skal skje i samsvar med føresegner i minerallova og gjeldande forskrifter, samt vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndighet etter lova. Eksisterande driftsplan skal reviderast.
- Dette gjeld også etablering av sump/dam for oppsamling/sedimentering av slam, forebyggande etablering av voll mot myrområdet og tilbakefylling og istandsetting framtidig jordbruksareal.
- Ved større støvplager skal det nyttast vatn for å redusere ulempene for ålmenta.
- For å avgrense støvplager skal knusing av fjell skje kvardagar, på dagtid måndag til fredag i tidsrommet 07:00 – 19:00, på laurdag 07:00 – 16:00.
- All aktivitet nær høgspenlinna skal skje i samarbeid med netteigar.
- Anleggsområdet skal vere sikra med gjerde slik at det er utilgjengeleg for ålmenta.
- Tilkomst til området skal skje etter eksisterande avkjørsle, regulert i detaljregulering Fv661 Vik – Furneskrysset. Frisikta i avkjørsla skal til ei kvar tid vere i samsvar med Statens vegvesen si handbok N100.
- Ved aktivitet i det sør-austre hjørnet av planområdet, skal det takast omsyn til registrert kulturminne, ID 231194, slik at dette ikkje skal bli påverka.
- Ved anleggsarbeid, og særleg ved tilbakefylling og istandsetting av arealet til jordbruksformål, skal ein påsjå at ein ikkje spreier framande/uønska plantar.

3 GRØNTSTRUKTUR

- 3.1 Rundt uttaksområdet skal det settast av ein sone på min 10 m som buffersone mellom dette og skogs- og myrområdet. Unnataket er der eksisterande uttaksområde ikkje skal kunne utvidast. Innanfor dette området kan det etablerast voll-/ar av lausmasse og stein som forebyggande tiltak for å hindre avrenning/lekkasje frå myrområdet.

4 LANDBRUKS-, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE

- 4.1 Dette er eksisterande myr- og skogsområde. Formålet med dette området er å ta vare på naturtypen, kystfuruskog og særleg myrområdet Djupmyra.

Vedtatt i sak

Vestnes, den